

Erna Elínbjörg Skúladóttir
Hagerups vei 49B
5093 BERGEN

Dato: 24.05.2017
Vår ref.: 2017/845-88
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2017 - underretning om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2017. Utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama søknaden på møte den 16.05.2017, sak 80/17. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen 20170301 var det kome inn 84 søknader. Samla søkesum var om lag 3,4 millionar kroner. Det er fordelt totalt 837000 kr under Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell - våren 2017. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

For oversikt over tildeling sjå politisk sak

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=373655&documentId=592805>

Vedlegg med individuell grunngjeving:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/RegistryEntry/ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=373655&documentId=598237>

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de tok imot melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka med *Klage -2017/845*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
Seksjonsleiar

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland og Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.